



Gunn-Torhild Ramslien

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/2331 - 18/2354

Saksbehandlar:

Trine Merete Jansen

TrineMerete.Jansen@radoy.kommune.no

Dato:

15.02.2018

## Tilsynsrapport Sæbø skule 2017

Viser til tilsynsrapport datert 12.12.16, og møte 30.01.18 mellom Gunn-Thorhild Ramslien (NGIB), Trine Merete Jansen (Rektor Sæbø skule) og Steinar Erstad (Driftsansvarleg). Utgangspunktet for møtet var oppfølging etter tilsyn som vart gjennomført på Sæbø skule 03.11.16. Tilsynet viste då at avvik som vart avdekka under tilsyn i 2013, ikkje var følgt opp, utbeta eller lukka. I denne tilbakemeldinga vil vi gjere greie for det arbeidet vi har gjort og kva vi vil gjere vidare for å følgje opp, utbeta og lukka dei avvika vi har.

### Avvik 1

Dokumentasjon for bygget er ikkje tilfredsstillande, avvik frå forskrift om brannførebygging §§4 og 10. Skulen har fått noko av den aktuell dokumentasjonen for bygget hjå skuleeigar, og kan leggje dette fram ved neste tilsyn. Avviket er fulgt opp og kan truleg lukkast.

### Avvik 2

Rømmingsvegar er ikkje tilfredsstillande, avvik frå forskrift om brannførebygging §§5 og 10. Tilsynet viste at dei fleste ytterdørene frå rømmingsveg ikkje fungerer tilfredsstillande. Heilt sidan skulen var ny har det vore feil på låssylindrane, som gjer at dei doble ytterdørene ikkje fungere slik dei skal ved evakuering. Skulen har byta låssylinder i alle desse dørene, og sett inn vridbare låser. Tidlegare måtte ein låse opp med nøkkel. No kan alle vri opp låsen ved ei eventuelle evakuering, og på den måten kome seg ut av bygget utan å måtte bryte opp døra med stor kraft. Dette avviket kan truleg lukkast.

### Avvik 3

System for/eller gjennomføring av brannøving og opplæring er ikkje tilfredsstillande, avvik frå forskrift om brannførebygging §§12 og 13, og HMS-forskrifta §5 pkt 2, 3 og 6. Skulen manglar dokumentasjon for gjennomført brann-opplæring og – øving. Nytilsette og vikarar får ikkje tilstrekkeleg brannopplæring før dei vert sett i arbeid.

Her har skulen innført rutinar som sikrar at alle tilsette er kjent med innhaldet i branninstruksen for tilsette, og branninstruksen for elevar. Det har også vore gjennomført brannøving hausten 2017. Skulen har også utarbeidd eit hefte for vikarar, med branninstruks og anna viktig informasjon. Alle vikarar vert gjort kjent med innhaldet før dei vert sett i arbeid. Skulen har gjennomført

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



livredningskurs for alle tilsette ved skulen. Det er også gjort avtale med NGIB om gjennomføring av brannførebyggjande kurs 14. august for alle tilsette ved skulen. Vidare vil skulen gjennomføre kurs for alle tilsette ved oppstart av nytt skuleår, men vekselvis førstehjelpskurs og brannførebyggjande kurs annakvart år.

#### Avvik 4

HMS og internkontrollsystemet er ikkje tilfredsstillande, avvik frå forskrift om brannførebygging §§12 og 13, og HMS-forskrifta §5 pkt 4, 5, 6, 7 og 8. Manglande rissikokartlegging og planar for korleis skulen skal handtera dei ulike risikoane, samt manglande beskriving av organisasjon med oversikt over kven som har hovudansvar ved ulike hendingar. Her jobbar skulen med å få på plass gode planar, både når det gjeld skule og utleige av skulen. Vi har fått på plass eit organisasjonskart, og i tillegg er det utarbeidd ei beskriving av kven som har hovudansvar ved ulike hendingar og i krisesituasjonar der det er behov for a ein person tek styring og tek ei avgjerla. Vi må jobbe meir med å få på plass gode planar og rutinar når det gjeld uteleig av skulen, her manglar vi framleis ein del. Tar sikte på å innføre nye rutinar frå hausten av, og kjem til å gjennomføre informasjonsmøte og opplæring for alle faste leigetakarar ved oppstart av nytt skuleår og ny leigeperiode.

#### Avvik 5

Branninstruks og/eller planane er ikkje tilfredsstillande, avvik frå brannførebygging §§12 og 13, og HMS-forskrifta §5 pkt 5 og 6. Skulen har justert branninstruks og utarbeidd nokre nye instruksar og planer. Skulen er godt i gang med dette arbeidet, men ser at det tek tid å få alt på plass.

#### Andre forhold:

Årskontroll på brann vart gjennomført 05.09.17 av Schneider Electric. Ved test av branndørstyring, vart det avdekka at naudutgangar frå gymsalen ikkje kunne opnast utan at ein måtte øydelegge låsen ved å presse/bryte opp døra. Som det kjem fram under avvik 2, så har skulen byta låssylinder i alle desse dørene, og sett inn vridbare låser. No kan ein vri opp låsen ved ei eventuelle evakuering, og på den måten kome seg ut av bygget utan å måtte bryte opp døra med stor kraft.

Vi ser fram mot vidare samarbeid med NGIB, og arbeidar mot å få på plass gode planar og rutinar for å sikre systematisk arbeid med brannsikkerheita ved Sæbø skule.

Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart, eller for ytterlegare avklaringar!

Med helsing

Trine Merete Jansen  
Rektor Sæbø skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Gunn-Torhild Ramslien